

---

Saksnr: 2026/4095-7  
Saksbehandlar Thorbjørn Aarethun  
Dato: 09.04.2026

---

---

**Til:** Vestlandsrådet

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

## Oppfølging av Vestlandsrådet sin næringsstrategi

På møte i Vestlandsrådet, 13. november 2025, vart det handsama sak om vidareføring av prosjektleiarstillinga for Vestlandsrådet sin næringsstrategi. Det vart gjort følgjande vedtak:

*«Vestlandsrådets næringsarbeid skal fremover ivaretas av de tre fylkeskommunenes relevante fagavdelinger, i samarbeid med rådets sekretariat. Prosjektlederstillingen videreføres ikke.»*

Med grunnlag i dette vedtaket er fagavdelingar med næringsoppgåver bedt om å skissere eit opplegg for korleis arbeidet med Vestlandsrådet sin næringsstrategi kan vidareførast.

Så langt er det meldt tilbake at ei sak om dette er under arbeid, og som er planlagt lagt fram for Vestlandsrådet på junimøtet i Ålesund.

Fylkesdirektøren er tilfreds med at oppfølging av næringsstrategien er under arbeid, og vil foreslå at dette vert eit hovedtema på Vestlandsrådet sitt møte i Ålesund.

Oppfølginga må omfatte forslag til eit handlingsprogram for perioden 2026-2027, samt opplegg for organisering av administrative ressursar for tilrettelegging og gjennomføring.